



330.00

## Barne - og familiedepartementet

2004/04169  
- 400

Høyringsuttale på ny barnehagelov frå Skånevik Barnehage.

Skånevik er ei lita bygd i Etne Kommune på Vestlandet. Bygda har ca 1000 innbyggjarar og ein toavdelings kommunal barnehage.

Barnehagen har barn frå 0 - 6 år. Me har utdanna førskulelærarar i avdelingsansvarlege stillingar og i styrarstillinga.

Me vnskjer å uttale oss i forhold til departementets forslag til ny barnehagelov.

Dei siste åra har me jobba med å heve kvaliteten i barnehagane. Det er brukt millionar av kroner og mykje tid.

Det har vore eit nødvendig og viktig arbeid. Difor vert det svært uforståeleg at departementet no føreslår å fjerne krav om **personaltetteitt**, **pedagogtetteitt** og **krav til pedagogisk utdanning i barnehagen**.

Barnehagen meiner at dette er viktige grunnsteinar i barnehagen og det er av dei viktigaste tinga når me snakkar om kvalitet.

Ein må kunne vere tilstades for barna i deira kvardag og ein må kunne mykje om barn for å kunne gje dei eit trygt og utfordrande tilbod som tar omsyn til det enkelte barns utfordringar og behov.

Me vnskjer ikkje å vere ein barnehage der me har tilsyn med barna. Me vnskjer å støtte kvart einskild barn i deira utvikling. For å kunne det må me kunne mykje om barn og om pedagogikk.

Det kan i nokre tilfelle vere vanskeleg å forstå at ein treng utdanning om barn for å kunne støtte deira behov. Dei fleste av oss som har barn klarer å gje dei omsorg og nødvendig læring sjølv om ein ikkje er utdanna pedagog.



Når ein ikkje arbeider i ein barnehage og kjenner til kor viktig dette arbeidet er, kan det muligens høyres greitt ut at det også er andre yrkesgrupper som kan gjere nytte som leiarar i ein barnehage.

I vår tid skal barnehagen kunne gje eit tilbod til alle barn i nærmiljøet. Uansett om barnet er i barnehagen fordi det har spesielle behov, er funksjonshemma eller det er eit vedtak frå barnevernstjenesten. Om barnet kjem frå ein tospråkleg heim, har problem med språk, høyrsel eller anna vert det forventa at barnehagen skal støtte barnet i deira utvikling og kunne gje god omsorg og eit tilbod med kvalitet.

Om ein då ikkje har ei utdanning der ein har lært om barn og barns utvikling trur eg ikkje ein kan forvente at barnehagen skal kunne greie det.

Departementet vnskjer at kommunane sjølv skal vurdere kva personale dei skal ha i barnehagen og kva utdanning desse skal ha. Dei ynskjer ikkje å detaljstyre, men setje rammene og gje kommunane fridom til å utforme barnehagane etter lokale variasjonar og behov.

Vår meining er at det er flott at kvar einskild kommune skal få ha sitt særpreg og eigenart, men det er likevel nødvendig med ein lov der ein spesifiserer personaltettheit, pedagogtettheit og krav om pedagogisk utdanning - forttrinnsvis førskulelærarutdanning. Det er dei som kan mest om barn i barnehagealder og deira utvikling og behov.

**Me ber difor om at departementet set barnet i fokus og:**

- **Ikkje tar vekk personaltetheita**
- **Ikkje reduserer pedagogtetheita**
- **Ikkje fjernar krav om pedagogisk utdanning - forttrinnsvis førskulelærar utdanning**

Med helsing

**SKÅNEVIK BARNEHAGE**  
3503 SKÅNEVIK

Skånevik Barnehage

Gunhild A. Bøvor

Stvrrar

